

LUR-Lesja ungdomsråd

Lesja kommune

2665 Lesja

### **Uttale/ spørsmål til framtidig tilbods- og skulestruktur i Innlandet**

Lesja ungdomsråd ynskjer å spele inn desse punkta/ spørsmåla i si høyringsuttale:

1. Har mogelegheita for å flytte liner frå Otta til Dombås blitt godt nok greia ut?
2. Kva er tenkt gjort med den store økonomiske diskrimineringa som skjer når nesten alle vidaregåande elevar i ei kommune (som Lesja) må flytte på hybel med eit stipend som knapt dekker husleige - medan andre kommunar (som Lillehammer) kan ha sine elevar/ studentar heimebuande til dei er ferdig med yrkes eller høgskuleutdanning?
3. Transport. LUR har arbeida for å fremje ideen om eit pendlartog for alle dei som går på skule, studerer og arbeidar i Møre og Romsdal, Trøndelag og Gudbrandsdalen. Kan Innlandet Fylkeskommune ta ideen vidare og gjere den verkeleg? Ein kjem langt og femnar om mange stadar med tog på ein time, samstundes er komfort og mogelegheit for å gjere (skule)arbeid undervegs større. Ein time med buss bringar ikkje dei fleste elevane i Lesja til nærmaste vidaregåande skule ein gang. (Om nedlegging av avdeling Dombås består)
4. Har Innlandet Fylkeskommune tenkt å inngå avtaler med Trøndelag og Møre og Romsdal slik at det lettar søkinga til skular i desse fylka for elevar frå Lesja og Dovre?

Med helsing LUR-Lesja ungdomsråd

Leiar Emma Elvestad Øwre

Nestleiar Ragna Kolstad